



**KONTROLLUTVALET I LINDÅS KOMMUNE
MØTEUTSKRIFT**

Møte: 26. oktober 2016 kl. 09.00 – ca. 11.30
Stad: Formannskapssalen, rådhuset
Tilstade: Peder Jøsendal (leiar), Rolf Henning Hegland (nestleiar), Kåre Helge Østrem og Anne Kristin Tonning
Forfall: Hege Kristine Mjelde (ikkje møtt)
Innkalla: Rådmann Ørjan Raknes Forthun
Frå revisjonen: Espen Hordvik (til sak 47/16 og 48/16) og Frode Løvlie (til sak 49/16, 50/16 og 51/16)
Sekretær: Tonje Husum Aarland

44/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

Samrøystes vedtak:

Innkalling og saksliste er godkjent.

45/16 Godkjenning av møteutskrift frå sist møte

Samrøystes vedtak:

Møteutskrift frå sist møte 28.09.16 er godkjent med endring.

46/16 Skriv og meldingar

Det var ingen skriv og meldingar.

47/16 Oppfølging av merknadar i revisjonsrapport nr. 11

Saksvedlegg: *Revisjonsrapport nr. 11, Deloitte AS*

I kap. 4. i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar står det om kontrollutvalet sine oppgåver ved rekneskapsrevisjon. I § 8 i forskrifta står det: «Når revisor påpeker forhold i årsregnskapet, jf. forskrift om revisjon i kommune og fylkeskommuner § 4, skal kontrollutvalget påse at dette blir fulgt opp. Det skal også rapporteres om tidlige saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte. Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader er blitt fulgt opp.»

Rådmann Ørjan Raknes Forthun orienterte om oppfølging av merknadar i revisjonsrapporten for årsrekneskapen 2015.



Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek oppfølging av merknadene til orientering.

48/16 Orientering om økonomiplanen 2017 - 2020

Saksvedlegg: *Framlegg til økonomiplan 2017 – 2020, FS vedtak 059/16 - 09.06.2016*

«I 2015 endra kommunen prosessen med økonomiplan og budsjett. For å styrke det strategiske og langsiktige fokuset, både politisk og administrativt, har ein lagt opp til å vedta budsjetttrammer for kommande økonomiplanperiode i juni. Endelig budsjett for komande år blir vedtatt i desember, noko som førte til at det har blitt meir driftsfokus i staden for strategisk utviklingsfokus i handsaminga av økonomiplanen. Dette dokumentet er derfor eit strategisk utviklingsdokument som seier noko om kva retning kommunen skal utvikle seg dei neste åra.» (s. 4 i Framlegg til økonomiplan 2017 – 2020).

Rådmann Ørjan Raknes Forthun orienterte om arbeidet med økonomiplanen 2017 – 2020.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet takka for orienteringa.

49/16 Plan for forvaltningsrevisjon

Saksvedlegg: *Plan for forvaltningsrevisjon, Deloitte AS*

I følgje kommuneloven 77 pkt. 4 skal det gjennomførast forvaltningsrevisjon. I forskrift om kontrollutval står det i 10 at kontrollutvalet skal utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon som kommunestyret vedtek. Kva forvaltningsrevisjonsprosjekt kommunen ønskjer å gjennomføre skal gå fram av ein plan for forvaltningsrevisjon. Kommunestyret kan gi fullmakt til kontrollutvalet å foreta endringar i planperioden.

På bakgrunn av risikoanalysen er det utarbeidd forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekt, og kontrollutvalet har vurdert dei ulike områda opp mot kvarandre for å avgjere kva områder dei meiner det er mest vesentleg å undersøke.

Forvaltningsrevisjonsprosjekta er delt i to grupper: ei prioritert liste med dei viktigaste prosjekta, samt ei uprioritert liste med prosjekta som er vurdert å ha lågare risiko og vesentlegheit. Kor mange prosjekt som vil bli gjennomført i perioden avhenger av kontrollutvalet sitt budsjett og omfanget til prosjekta.

Dersom kommunestyret ber kontrollutvalet gjennomføre ein forvaltningsrevisjon, eller kontrollutvalet gjer risiko- og vesentlegvurderingar som tilseier at andre område bør prioriterast, kan kontrollutvalet avvike frå vedteke plan for forvaltningsrevisjon. Dersom kontrollutvalet finn det føremålstenleg kan plan for forvaltningsrevisjon rullerast i løpet av perioden.



2.1 Gruppe 1 – prioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt

Prosjekt	Tema
1 Forvaltningsrevisjon av informasjonstryggleik	<ul style="list-style-type: none"> • Styringssystem for informasjonstryggleik • Oversikt over system som handterer personopplysningar • Databehandlaravtalar • Kompetanse og opplæring
2 Forvaltningsrevisjon av internkontroll i skulen og psykososialt skulemiljø	<ul style="list-style-type: none"> • Forsvarleg system • Styrande retningslinjer og delegasjonar • Implementering av system og rutinar • Særskild fokus på system og rutinar knytt til psykososialt skulemiljø • Planarbeid og førebyggjande tiltak mot mobbing • Sakshandsaming ved tilfelle av mobbing
3 Forvaltningsrevisjon av eining for funksjonshemma	<ul style="list-style-type: none"> • Kvalitetssystem og faglege rutinar • Risikovurderingar • Kompetanse og ressursstyring • Bruk av tvang
4 Forvaltningsrevisjon av innkjøp	<ul style="list-style-type: none"> • Kompetanse og organisering av innkjøpsfunksjonen • System og rutinar • Regeletterleving i utvalde innkjøp
5 Forvaltningsrevisjon av arbeidet med psykisk helse og rus	<ul style="list-style-type: none"> • Samordning av tenestetilbod • Kompetanse • Individuell plan
6 Forvaltningsrevisjon av overordna internkontroll	<ul style="list-style-type: none"> • Overordna retningslinjer • Felles kvalitetssystem • Risikovurderingar • System for å melde avvik

2.2 Gruppe 2 – uprioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt

Prosjekt
Forvaltningsrevisjon av arkiv og offentlegheit
Forvaltningsrevisjon av tryggleik og beredskap
Forvaltningsrevisjon av sosiale tenester
Forvaltningsrevisjon av skule- og helsestasjonstenesta
Forvaltningsrevisjon av tilpassa undervisning og spesialundervisning
Forvaltningsrevisjon av forvaltningskontoret
Forvaltningsrevisjon av fysioterapitenester
Forvaltningsrevisjon av kulturskulen
Forvaltningsrevisjon av vaksenopplæring
Forvaltningsrevisjon av rutinar/kvalitetssystem i brann- og redningstenesta
Forvaltningsrevisjon av dagtilbod til eldre
Forvaltningsrevisjon av barnehagar
Forvaltningsrevisjon av opplæring og tilsettemedverknad innan pleie og omsorg
Forvaltningsrevisjon av prosjektstyring



Kontrollutvalet gjennomgjekk lista over prioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt saman med revisjonen.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vedtek plan for forvaltningsrevisjon 2016 – 2020 slik den ligg føre. Kontrollutvalet ser det som naudsynt at ein kan foreta endringar i dei prioriterte prosjekta i planperioden og eventuelt komme inn med nye prosjekt dersom det er meir aktuelt.

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak i kommunestyret:

Kommunestyret vedtek plan for forvaltningsrevisjon 2016 – 2020 slik den ligg føre. Kommunestyret gir kontrollutvalet fullmakt til å endre på prioriteringane og eventuelt velje andre prosjekt dersom det skulle vere meir aktuelt.

50/16 Plan for selskapskontroll

Saksvedlegg: *Plan for selskapskontroll, Deloitte AS*

Ifølgje kommunelova § 77 nr. 5 skal kontrollutvalet sjå til at det blir ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser. Etter § 13 andre ledd i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar, skal det «*minst en gang i valgperioden utarbeides plan for gjennomføring av selskapskontroll. Dette skal skje senest innen utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert.*». Tredje ledd fastsett at kommunestyret vedtar planen.

For å utarbeide plan for selskapskontroll er det gjennomført ei risiko- og vesentlegvurdering for å velje ut relevante selskap og område for selskapskontroll. Det er spesielt desse forholda som er vurdert: 1. Risiko for at selskapet ikkje driv i tråd med kommunestyret sine vedtak og føresetnader; 2. Risiko for at selskapet ikkje driv i tråd med lover og reglar og på ein økonomisk forsvarleg måte; 3. Risiko for at den som forvaltar kommunen sine eigarinteresser i selskapet ikkje gjer dette i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader.

Under følgjer prioriterte selskapskontrollar. Endeleg utforming av problemstillingar og timeomfang vil bli gjort i samband med den einskilde bestillinga av selskapskontroll. Dersom kommunestyret ber kontrollutvalet gjennomføre ein selskapskontroll, eller kontrollutvalet gjer risiko- og vesentlegvurderingar som tilseier at andre selskapskontrollar bør prioriterast, kan kontrollutvalet avvike frå vedteke plan for selskapskontroll.

Prosjekt	Tema
1 Eigarskapsforvaltninga	<ul style="list-style-type: none">• System og rutinar for oppfølging av eigarskapa• Rutinar for val av styrerepresentantar• Opplæring av styrerepresentantar• Rapportering til kommunestyret
2 Knarvik Industri og Miljø AS	<ul style="list-style-type: none">• Eigarinteresser• Drift i selskapet• Etterleving av regelverk for arbeidsmarknadsbedrifter

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet vedtek plan for selskapskontroll 2016 – 2020 slik den ligg føre. Kontrollutvalet ser det som naudsynt at ein kan foreta endringar i dei prioriterte prosjekta i planperioden og eventuelt komme inn med nye prosjekt dersom det er meir aktuelt.

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak i kommunestyret:

Kommunestyret vedtek plan for selskapskontroll 2016 – 2020 slik den ligg føre. Kommunestyret gir kontrollutvalet fullmakt til å endre på prioriteringane og eventuelt velje andre prosjekt dersom det skulle vere meir aktuelt.

51/16 Bestilling av prosjektskisse forvaltningsrevisjon

Før ein forvaltningsrevisjon startast opp, skal kontrollutvalet godkjenne ein prosjektplan som skildrar korleis prosjektet skal gjennomførast. Når plan for forvaltningsrevisjon vert vedtatt av kommunestyret med prioriterte prosjekt, ønskjer kontrollutvalet å bestille prosjektskisse av første prioritert prosjekt på planen:

- Forvaltningsrevisjon av informasjonstryggleik.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet ønskjer, så snart plan for forvaltningsrevisjon er vedtatt av kommunestyret, å bestille prosjektskisse til ein prosjektplan til følgjande forvaltningsrevisjonsprosjekt:

- Forvaltningsrevisjon av informasjonstryggleik

Med atterhald om at plan for forvaltningsrevisjon vert vedtatt av kommunestyret med dette prosjektet på prioritert liste.

52/16 Budsjettplan for kontrollutvalet

Kontrollutvalet kan komme med innstilling til kommunestyret når det gjeld budsjettet til kontrollutvalet. Med bakgrunn i tidligare års rekneskap og vurdering av neste års ressursbehov, har kontrollutvalet satt opp følgjande forslag:

	Budsjett 2015 vedteke av kommunest 11.12.14	Budsjett 2016 vedteke av kommunest 17.12.2015	Budsjett 2017 - forslag frå kontrollutvalet
Rekneskapsrevisjon	165 000	220 000	220 000
Forvaltningsrevisjon	478 000	500 000	520 000
Sekretariat kontrollutvalet	142 000	130 000	140 000
Drift av kontrollutvalet	165 000	100 000	215 000
Totalt kontrollutvalet	950 000	950 000	1 095 000



I kontrollutvalet sitt forslag til budsjett er der teke omsyn til at det i året som kjem er planlagt to forvaltningsrevisjonsprosjekt. Det er og tatt omsyn til kostnader i dei avtalene som ligg føre med Deloitte AS og Nordhordland Utviklingsselskap IKS.

Kontrollutvalet sitt forslag til budsjett skal liggje ved når kommunestyret handsamar budsjettet for 2017. Formannskapet skal også ha kontrollutvalet sitt forslag når dei handsamer budsjettet for 2017.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vedtok eit budsjettforslag for 2017 med ei total ramme for kontrollutvalet på 1.095.000,-.

53/16 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval

Kontrollutvalet gjennomgjekk møteprotokollar frå politiske utval.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet hadde ingen merknader.

54/16 Eventuelt

A. Politisk styringsstruktur og reglement for Lindås kommune

B. Neste møte i kontrollutvalet


Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet har ingen merknader til politisk styringsstruktur og reglement for Lindås kommune.

Neste møte i kontrollutvalet er 30. november kl. 09.00

Knarvik, 26.10.2016


Peder Jøsendal, leiar


Tonje Husum Aarland, sekretær